

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016**

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; «kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018», gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekt innafor vedteken budsjettramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.